

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 11/2006

Møtedato: 01.02.06

Arkiv nr: 9022

F9022, Buøddin - tilpynting av grustak

I sak 50/2005 hadde ikkje fjellstyret merknader til avtale for ulike grustak der det m.a. var sett frist til 2007 for å pynte opp i gruva ved Buøddin.

I brev datert 15.12.05 søker styret for Panoramavegen om å få forlenga fristen med tilpynting av gruva på Buøddin ut over 2007. Grunngevinga for søknaden er at det er uvisst kor mykje fyllmasse som er tilgjengeleg i nær framtid.

Statskog ber om uttale og skriv i brev datert 23.1.06 følgjande:

Jeg viser til fjellstyrets vedtak i sak 50/2005 der fjellstyret uttaler at de ikke har merknader til det tillegget til avtale på grustakene som er utarbeidet. I brev 15.12.05 (kopi vedlagt) ber stølsvegen om at tidspunkt for endelig tilpynting forlenges ut over 2007 da det er uvisst hvor mye fyllmasse som er tilgjengelig i nær framtid.

Dersom vi ikke skal holde på tilpynting innen utgangen av 2007, ser jeg følgende alternativ:

- Vi tar inn i avtalen at det kan søkes om forlenging dersom en ikke får nok disponibel masse innen den tid. Bli det utbygging på Nøsen som planlagt, kan en kanskje få en del masse derfra, noe jeg vil undersøke nærmere.*
- Forlenger tidspunktet med 1 eller 2 år og krever tilkjøring av masse fra Kinnholt-grustaket hvis en ikke får nok masse innen den tid.*

Vedtak:

Fjellstyret tilrår Statskog sitt fyrste framlegg om å ta med i kontrakten at det kan søkast om forlenging om det ikkje er nok masse innan 2007.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog